



# **KVINNHERAD KOMMUNE**

*-fellesskap og trivsel -utvikling og vekst*

# **KOMMUNEPLAN**

## **FOR**

# **KVINNHERAD**

## **MÅLDOKUMENT**

# **1999 - 2010**

**Vedlegg til F-sak 00/0085, møte 15.06.00.**

**Vedlegg til K-sak 00/0055, møte 29.06.00.**

**Vedlegg til K-sak 00/0065, møte 31.08.00. (sist revidert den 24.08.00)**

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1 GRUNNLAGET FOR KOMMUNEPLANARBEIDET.....	3
1.2 PLANPROSESSEN OG SLUTTHANDSAMING .....	3
<b>2 PLANDELEN .....</b>	<b>4</b>
2.1 HOVUDMÅLSETJING FOR KVINNHERAD KOMMUNE.....	4
2.2 FELLES PLANFØRESETNADER .....	5
2.2.1 <i>Dagens situasjon</i> .....	6
2.3 FOLKETALSVUTVIKLING.....	7
2.3.1 <i>Kvinneunderskot</i> .....	7
2.3.2 <i>Prognose</i> .....	7
2.3.3 <i>Flytting</i> .....	7
2.3.4 <i>Utvikling i sysselsetjing og arbeidsmarkand</i> .....	8
2.3.5 <i>Utdanning</i> .....	9
2.4 KOMMUNAL ØKONOMI.....	9
2.4.1 <i>Inntekter</i> .....	9
2.4.2 <i>Utgifter</i> .....	10
2.5 KOMMUNEN SIN IDENTITET .....	11
2.6 KOMMUNESTRUKTUREN .....	11
2.6.1 <i>Senterstrukturen</i> .....	11
2.6.2 <i>Sentralisering</i> .....	12
2.7 KVINNHERAD OG REGIONSTRUKTUREN.....	12
2.7.1 <i>Regionalisering</i> .....	12
2.7.2 <i>Regionen som funksjon</i> .....	13
2.8 KOMMUNIKASJONAR OG SAMFERDSLE.....	13
2.8.1 <i>Stamvegnettet</i> .....	13
2.8.2 <i>Halsnøysambandet</i> .....	14
2.8.3 <i>Folgefonntunnelen</i> .....	14
2.8.4 <i>Trafikkiksring</i> .....	14
2.8.5 <i>Fylkesvegar</i> .....	14
2.8.6 <i>Kollektivtransport</i> .....	14
2.8.7 <i>Godstransport</i> .....	15
2.8.8 <i>Telekommunikasjoner</i> .....	15
2.9 NÆRINGSUTVIKLING .....	16
2.9.1 <i>Diverse næringar</i> .....	16
2.9.2 <i>Samarbeid</i> .....	17
2.10 LEVEKÅR .....	18
2.10.1 <i>Oppvekst</i> .....	18
2.10.2 <i>Helse- og sosialtenester</i> .....	18
2.10.3 <i>Kulturutvikling</i> .....	19
2.11 MILJØ- OG NATURFORVALTNING.....	20
2.11.1 <i>Planar med konsekvens for miljøet</i> .....	20
2.11.2 <i>Estetikk i forvaltninga</i> .....	20
2.11.3 <i>Kulturminnevernet</i> .....	20
2.11.4 <i>Folgefonna nasjonalpark</i> .....	20
2.12 BUSETNAD .....	21
2.12.1 <i>Bustadpolitikk som verkemiddel</i> .....	21
2.12.2 <i>Bustadbehov</i> .....	21
2.13 TENESTEPRODUKSJON.....	22
2.14 FØRESETNADER FOR AREALFORVALTNINGA .....	23
2.14.1 <i>Ei balansert utvikling</i> .....	23
2.14.2 <i>Konkurranse om areala</i> .....	23
2.14.3 <i>Verneplanar og registreringar</i> .....	24
2.14.4 <i>Sentrumsutvikling - grender</i> .....	25
2.14.5 <i>Område avsett til fritidshus</i> .....	25
2.14.6 <i>Næringsområde - område for offentleg verksemد</i> .....	25
2.14.7 <i>Sjøområda</i> .....	25

## 1 INNLEIING

Kommuneplanen skal vera ein styringsreidskap for både administrasjon og politikarar i Kvinnherad kommune.

Utgangspunktet for den reviderte planen har vore at kommunen si primæroppgåve er å vera ein tenesteytar overfor innbyggjarane. Ulike målgrupper og den einskilde innbyggjar vert derfor sett i sentrum for planen sine målsetjingar og strategiar.

I Kvinnherad er ein særleg oppteken av korleis ein kan utvikla kommunen vidare. Kommunen er kommunikasjonsmessig avhengig av ferjesamband, likevel kan ein visa til eit blomstrande næringsliv og eit levande bygde- og senter-miljø. Ferjefritt samband internt i kommunen og ut av kommunen vil truleg styrkja samhaldet og den kreative innsatsen ytterlegare.

Mykje av planprosessen har dreidd seg om å finna fram til det særmerkte for Kvinnherad. Ved å byggja vidare på den grunnleggjande identiteten og livskvaliteten, kan kommunen vera eit reelt alternativ til dei andre vekstsentra i fylket når det gjeld å trekkja til seg både innbyggjarar, næringsliv og tenesteytarar med eit regionalt nedslagsfelt. Revidert kommuneplan er m.a. ei erkjenning av at kommunen har ein storlagen natur, (td. Folgefonna) unik kulturhistorie (t.d. Baroniet Rosendal og Halsnøy Kloster) og eit vekstkraftig senter (Husnes). I Kvinnherad er det optimismen som rår.

### 1.1 Grunnlaget for kommuneplanarbeidet

Det formelle grunnlaget for kommuneplanen ligg i Plan- og bygningslova §20. Denne gir kommunane pålegg om å utføra «en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innenfor sine områder». Den skriftlege delen av kommuneplanen, måldokumentet, skal særleg trekkja opp mål for utviklinga i kommunen og koma fram til kva for strategiar ein bør nytta for å oppnå desse måla. Arealdelen skal sikra at arealbruken i kommunen bidrar til å nå dei måla som blir sett opp. Den skal samordna viktige behov for vern og utbygging og vera grunnlag for å fatta avgjerder i einskildsaker i tråd med kommunale mål og overordna nasjonale og fylkeskommunale retningsliner.

Overordna føringar frå både fylkeskommune og frå statleg hald skal leggjast til grunn for kommuneplanarbeidet, m.a. St.meld.nr. 29 1996-97 «Regional planlegging og arealpolitikk», St.meld.nr. 58 1996-97 «Om miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling» og rundskriv T-2/98 «Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanleggingen». Vidare skal prinsippet om ei berekraftig utvikling (Lokal Agenda 21) integrerast i heile planen.

### 1.2 Planprosessen og slutthandsaming

Kommunestyret vedtok i sak K-98/077 og K-98/111 å revidera den langsigktige delen av kommuneplanen for Kvinnherad (måldokumentet) og utarbeida forslag til arealplanar for Rosendal-området og Husnes-området. Rådgjevingsfirmaet Plan Vest AS, Stord, vart engasjert til å stå for det faglege arbeidet med planproduksjonen.

Som ansvarlege for utarbeiding av forslag til måldokument valde formannskapet i møte 27.08.98 ei politisk arbeidsgruppe med tre medlemer (Aksel Kloster (AP), Thorleif J. Hellesøy SP) og Torfinn Mklebust (TS) og personlege varamedlemer (Frøydis Fjellhaugen (AP), Ingrid Bakke (SP) og Bjarne Berge (TS). Frå administrasjonen har rådmann Trond Sætereng, teknisk sjef Kjell Nygård og kommuneplanleggjar Arne Handegard delteke i arbeidet.

Formannskapet har vore styringsgruppe for planarbeidet. Tidleg i planprosessen vart det halde arbeidsmøte i forkant av eit kommunestyremøte for å trekka heile kommunestyret inn i planprosessen. Evalueringsskjema for tidlegare planar vart sendt til alle formannskapsmedlemer, utvalsleiarar og etatsleiarar i kommuneadministrasjonen. Innbyggjarane i kommunen har elles vorte oppmoda om å koma med innspel til planarbeidet gjennom både personlege innspel og gjennom ulike organisasjoner og grendalag.

Hausten 1999 hadde arbeidsgruppa ferdig eit utkast til måldokument som vart lagt ut til offentleg gjennomsyn og sendt på høyring i kommunale organ, nabokommunar og ei rekke instansar på fylkesnivå. Måldokumentet vart også sendt til aktuelle organisasjoner i kommunen, m.a. alle bygdalaga.

Planforslaget frå den politiske arbeidsgruppa saman med innkomne merknader etter høyringa danna grunnlag for eit arbeidsmøte i tilknyting til kommunestyremøtet 25.05.00. Her vart kommunestyret inndelt i grupper som fekk i oppdrag å drøfta målformuleringar og forslag til strategiar.

Frå fleire hald har det komme signal om at måldokumentet frå arbeidsgruppa må reduserast i omfang. Dokumentet som nå ligg føre er resultatet av ei slik innstraming, der det også er teke omsyn til innkomne merknader. Vidare er synspunkt som kom fram på arbeidsmøtet 25.05.00 innarbeidd i teksten.

Planforslaget kunne med fordel vore endå meir innkorta. Det som likevel burde vore lagt meir arbeid på er spissing av målformuleringane og ei strengare prioritering av strategiar. Slik planforslaget står fram, blir det altfor mykje ei ønskje liste med gode tiltak som på langt nær kan gjennomførast fullt ut. Strategiane i måldokumentet må det arbeidast vidare med i handlingsprogrammet.

## 2 PLANDELEN

### 2.1 Hovudmålsetjing for Kvinnherad kommune

«Kvinnherad - verdas navle? (...) I Kvinnheringen sine spalter, i kommunestyret og rundt middagsborda i den langstreckte kommunen vår, blir det diskutert og jamvel krangla så fillene fyk. Det er nemleg nok å rista på hovudet av: Mest kvar dag kjem det offentleg eller private ut- og innspel det går an å rista på hovudet av. Noko å vera hjartans uenig i. Noko å øsa seg opp over og som det er verdt å krangla om. Det er slik verda går framover. Også i Kvinnherad.

I tillegg til det samlande i ein skikkeleg krangel, er vi kvinnheringar utan blygsel samde om at Kvinnherad er så nær verdas navle som det går an å koma.

*Ingen stader i verda går sveiseapparata seg så varme. Ingen andre stader sveittar aluminiumskokarane så mykje og i så lange hallar. I fjøresteinane våre gjer båtbyggjarane og resten av den maritime industrien dugande handverk, som dei har gjort det til alle tider.*

*Oppdrettarane våre sender frå seg tonnevis med prima fisk, som livbåtprodusentane våre - dei er som alle veit dei beste i verda - sender livbåtar og redningsutstyr kloden rundt. Blant anna.*

*I Kvinnherad er det dessutan nok å ta seg til på fritida. Likar du å gjera ting i fellesskap, skal du vita at dei fleste andre kommunar i fylket knapt rekk oss til knes når vi tel saman alle lag og organisasjonar. Om du ikkje finn fritidsaktivitetar som passar for deg i Kvinnherad, trur vi knapt det er oss det er noko i vegen med...*

*Naturen i Kvinnherad er makelaus; spør kven du vil! Den er til å forsyna seg av døgnet rundt, året rundt. I eine enden ligg Folgefonna som ei kvit og deilig dyne. Bak oss reiser fjelltoppane seg i majestetisk velde. I skjergarden framfor ligg øyane og holmane som perler på ei snor.*

*Det vi prøver å fortelja deg, er at i Kvinnherad erlivet verdt å leva.»*

Redaktør Geir K. Hus i Kvinnheringen 20. nov -98

Dette innlegget i avisa Kvinnheringen speglar noko av den optimismen som rår i Kvinnherad kommune. I hovudmålsetjinga til Kvinnherad kommune er det nettopp dette ein ynskjer å fokusera på: engasjement, dingleik, ansvarskjensle og optimisme. Då vert også *mangfaldet* i samfunnet skapt slik at *alle* innbyggjarane kan trivast her.

I siste planperioden har det skjedd ei positiv utvikling i Kvinnherad. Næringslivet har blomstra og arbeidsløysa er låg. Kvinnherad ligg framleis på topp i fylket når det gjeld mengde lag og organisasjonar i høve til folketallet, og den offentlege tenesteytinga må seiast å vera god (sjølv om den alltid kan bli betre!). Planlagde og igangsette samferdselsprosjekt med ringverknader for Kvinnherad har også skapt optimisme i kommunen. Men vi har ingen garanti for at denne utviklinga skal halda fram av seg sjølv, og difor vil følgjande hovudmålsetjing framleis ha stor verknad.

### **HOVUDMÅLSETJING:**

*I Kvinnherad vil vi stimulera til engasjement, ansvarskjensle og optimisme for at heile kommunen skal vera god å bu, arbeida og feriera i. Kommunen sine oppgåver vil vi løysa så nær brukarane som mogeleg.*

## **2.2 Felles planføresetnader**

For å kunna laga realistiske planar, er det nødvendig å ha ei felles oppfatning av nå-situasjonen. Det er t.d. viktig å vera samde om dagens sterke og svake sider ved Kvinnherad som samfunn, og vidare kva muligheter og truslar vi ser framover.

## **2.2.1 Dagens situasjon**

### **Sterke sider:**

- *God kommune å bu i*
- *Rik på naturressursar og kulturskattar*
- *Godt utbygde servicetilbod*
- *Mange sterke bygdesamfunn*
- *Velutvikla industri- og næringsmiljø*
- *Engasjement i utvikling av næringsliv*
- *Optimisme knytt til nye samferdselsprosjekt*

### **Svake sider:**

- *Dårlege kommunikasjonar*
- *Relativt få arbeidsplassar for høgt utdanna arbeidskraft*
- *Manglar ved utdanningstilbodet*
- *Mangel på etterspurd arbeidskraft*
- *Mangelfull barnehagedekning*
- *Utflyttingstruga bygdesamfunn*
- *Skeiv alders- og kjønnsfordeling*
- *Svak evne til prioritering av kommunale arbeidsoppgåver*
- *Mangel på avanserte fritidsmiljø for dei unge*

### **Truslar:**

- *Konjunkturedgang og høgare arbeidsløyse*
- *Hardare oppvekstkår*
- *Aukande sentralisering*
- *Aukande omfang av rusproblematikk og barnevernssaker*
- *Minkande engasjement i høve til det frivillige lags- og organisasjonsarbeidet*
- *Usikker kommuneøkonomi*

### **Moglegheiter:**

- *Medviten bruk av natur- og kulturessursane som grunnlag for næringsutvikling.*
- *Reiseliv og havbruk som spesielle satsingsområde.*
- *Livskvaliteten knytt til identitets- og kulturgrunnlaget*
- *Utdanningstilbod tilpassa næringslivets behov*
- *Forpliktande samarbeid skule - næringsliv*
- *Samarbeid kommune - friviljug organisasjonsliv*

Ei evaluering av føregåande plan når det galdt sterke og svake sider ved kommunen, viste at Kvinnheradssamfunnet på nokre punkt har endra seg sidan 1994. Kommuneøkonomien har vorte svakare, og det knyter seg store utfordringar til oppvekstsektoren spesielt innanfor rusproblematikken og barnevernet. Svakare sosiale nettverk er ein trussel for Kvinnheradssamfunnet, og det kan stillast spørsmål til kor allsidig næringslivet er.

## 2.3 Folketalsutvikling

*Tabellane og diagramma som syner tal og samanhenger i dette underkapitlet vert presenterte i eit eige vedlegg.*

Folketalet i Kvinnherad kommune har den siste tiårs-perioden vore relativt stabilt, med berre små endringar frå år til år. Innanfor dei ulike aldersgruppene har vi likevel hatt ei endring, og slike endringar kan påverka folketalet i kommunen på sikt. Samla folketal pr. 1.1.2000 er om lag 13.200.

Fødselstala har halde seg relativt stabile i kommunen, medan barnetala generelt sett (0-15 år) har gått ned. Nedgangen i folketalet held også fram i dei neste aldersgruppene, medan folketalet har gått opp i aldersgruppene 40-49 år og 50-59 år. Det har vidare vorte færre 60- og 70-åringar i kommunen, medan talet på dei over 80 år har auka kraftig. Denne bølgja vil no flata ut og i større grad dreia seg om dei endå eldre, frå 90 år og oppetter.

### 2.3.1 Kvinneunderskot

Kvinnherad har hatt eit kvinneunderskot, men dette har jamna seg ut den siste tiårs-perioden. Kvinneunderskotet er likevel særleg stort i aldersgruppa 20-39 år. Også her er det i ferd med å utjamna seg, men samstundes går totaltala nedover i denne aldersgruppa. Dette er lite gunstig med tanke på å kunna oppretthalda fødsels- og barnetala i åra som kjem.

### 2.3.2 Prognose

Prognoserte tal frå Statistisk Sentralbyrå basert på 1996-tal, syner at medan folketalet totalt sett vil halda seg stabilt, så vil det bli færre under 50 år og fleire over 50 år i kommunen. Kvinneunderskotet ser ut til å halda fram og faktisk auka litt igjen.

Når folketalet i Kvinnherad, fordelt på aldersgrupper, vert samanlikna med tal for Sunnhordland, Hordaland og Riket (for året 1998), er Kvinnherad meir lik landsgjennomsnittet enn kva Sunnhordland er. Kvinnherad ligg likevel lågt når det gjeld 20-39-åringar av den totale folkesetnaden, og høgt når det gjeld personar over 80 år.

Som oppsummering kan vi seia at Kvinnherad har ein god andel barn og unge (under 20 år) i kommunen, og dei har fleire eldre (over 80 år) enn «normalt». Dette skulle kunna tyda på at kommunen er ein god kommune for dei eldre å bu i, og at kommunen langt på veg har lukkast i si eldresatsing.

Statistikken syner at det er relativt høge fødselsoverskot som har gjort at folketalet i kommunen har halde seg stabilt, då kommunen elles har vore prega av stor utflytting.

### 2.3.3 Flytting

Flytting frå og til kommunen har auka sidan 1991, då flyttinga var på det lågaste. Samla sett har vi heile tida hatt netto utflytting, berre i 1994 og 1998 hadde vi netto innflytting. Kommunen har hatt flyttebalanse som målsetjing siste planperiodane.

Mobiliteten er størst i aldersgruppa 20-29 år og større blant kvinner enn menn. Med tanke på at dette er ein viktig etableringsfase, både for familiestifting og busetjing, så er dette negative trekk. Det må også presieserast at desse tala viser ”folkeregistrert” flytting, ungdom som tar utdanning melder sjeldan flytting, og er såleis ikkje med her.

Busetnadsstrukturen i Kvinnherad har halde seg nokså stabil siste 10-årsperioden. Sjølv om folketalet har gått ned i ein del bygder, har ikkje kommunen i denne perioden opplevd nokon utprega sentraliseringstrend. Folketalet har auka i skulekrinsane Sunde, Valen og Tofte medan krinsane Trå, Mauranger, Bringedalsbygda, Holmedal og Baugstranda har hatt nedgang. I dei to sentrumskrinsane Malmanger og Undarheim har det også vore stabilt folketal, men med mindre årlege variasjonar.

Ei flyttemotivundersøking, som er gjennomført i Hordaland i regi av kommunane i Bergensregionen, Husbanken og Kommunal- og regionaldepartementet i samarbeid med fylkeskommunen, viser at det i vår region er ein lågare andel som har flytteplanar enn det er i fylket sett under eitt. Undersøkinga viser vidare at jobb/utdanning er mindre viktig som årsak til flytting i vår region enn i alle andre regionar i fylket.

Likevel er det viktig å setja søkjelyset på ungdom som reiser ut for å ta utdanning og som ikke kjem attende og om dette skuldast manglande arbeidstilbod i heimkommunen.

Etter kvart som kommunane har blitt pålagde å i sterkare grad styra arealbruken etter vedtekne planar, er busetjingsmønsteret noko ein til ein viss grad kan påverka i den retninga kommunen ynskjer. Busetnadsstrukturen bør difor samanhaldast med det ein elles har bygd opp i kommunen av turvande infrastruktur, t.d. skule, barnehagar, arbeidsplassar, kommunikasjonsliner/ gang- og sykkelvegar, m.m. Men busetnadsmønsteret bør også kunna avspeglia «konkurransefortrinna» til kommunen på den måten at det bør vera samsvar mellom korleis ein profilerer kommunen og kva ein tilbyr etablerarar.

Eventuelle endringar i busetnadsstrukturen i dei einskilde krinsane vil bli grundigare analysert i dei ulike kommunedelplanane.

### **2.3.4 Utvikling i sysselsetjing og arbeidsmarkand**

*Tabellane og diagramma som syner tal og samanhenger i dette underkapitlet vert presentert i eit eige vedlegg.*

I perioden 1988 - 1998 syner tal at primærnæringane i Kvinnherad hadde ein topp i byrjinga av 1990-talet, med ein påfølgjande sterkt nedgang mot slutten av perioden. Oppdrettsnæringa er ei ny næring i kommunen med oppgang i talet på sysselsette.

Skipsbyggingsbransjen har fram til nå hatt gode tider, noko som har avspeglia seg i sterkt sysselsetjingsvekst. Den siste tida har likevel vist at bransjen er inne i ein omstillingfasa som kan resultera i nedgang i sysselsetjinga.

Varehandelen syner sterkt variasjon, også hotell- og restaurantnæringa har svingningar. Totalt har privat tenesteyting hatt ein auke, også kommunal tenesteyting sysselset fleire. I perioden har Kvinnherad opplevd vekst i talet på sysselsette, og arbeidsløysa har gått ned.

Tal som samanliknar Kvinnherad, Sunnhordland og Hordaland syner eit «underskot» på arbeidstakarar i alderen 25-39 år i høve til folketalsutviklinga, medan det er relativt mange arbeidstakarar i aldersgruppa 55-66 år. At talet på sysselsette i alderen 16-24 år er relativt høgare enn i fylket elles, kan tyda på at kommunen har ein høgare andel sysselsette med yrkesfagleg utdanning. Kommunen har lågare andel kvinnelege arbeidstakarar enn landsgjennomsnittet, men andelen er likevel høgare enn Sunnhordland. Dette kan mellom anna sjåast i samanheng med at Kvinnherad har eit underskot på kvinner.

### **2.3.5 Utdanning**

Statistikk som omtalar utdanningsnivået i Kvinnherad stadfestar tesen om større andel arbeidstakarar med yrkesfagleg utdanning. I høve til landsgjennomsnittet og fylket elles har både Kvinnherad og Sunnhordland som region få arbeidstakarar med høgskule- og universitetsutdanning. Utdanningsnivå og -retning gjenspeglar type arbeidsplassar i kommunen. Eit stort kull arbeidstakarar nærmar seg pensjonsalder. Det er ei utfordring å få fatt i rett arbeidskraft til å fylla desse arbeidsplassane.

Kommunen har sterke bransjar, som tradisjonelt er mannsdominerte, med stor andel sysselsette med yrkesfagleg bakgrunn. Samstundes slit vidaregåande skule i dag med å fylla opp sine klassar. I dag tek ungdommen - både kvinner og menn - lengre utdanning, men for desse finst det relativt få relevante arbeidsplassar i kommunen. Dette kan vera ei av årsakene bak den låge andelen 20-39-åringar i folketalsutviklinga.

Kommunen står overfor ei todelt utfordring. Den eine utfordringa er å få fatt i rett yrkesfagleg utdanna ungdom der det vil verta sentralt å få opp statusen på desse yrka. Den andre utfordringa vert å samstundes skapa arbeidsplassar for høgt utdanna ungdom. Maktar ein å auka talet på kvinner i aldersgruppa 20-39 år og samstundes oppnå flyttebalanse, vil forventa folketalsauke liggja mellom 0,4 og 0,6 % pr. år i perioden, eller tilsvara fødselsoverskotet.

### **MÅLSETJING:**

***I Kvinnherad vil vi arbeida for å oppnå flyttebalanse og betre alders- og kjønnsfordeling.***

#### **Moglege strategiar:**

- Det skal arbeidast for å få oppretta fleire arbeidsplassar for ungdom med høgare utdanning og arbeidsplassar som er attraktive for kvinner.
- Utvikla skule- og utdanningstilbodet i samarbeid med fylkeskommunen og Kvinnherad vidaregåande skule.
- Betra samarbeidet mellom skule, heim og arbeidsliv.
- Det skal utarbeidast strategiar for marknadsføring av Kvinnherad (t.d. på yrkesmesser, høgskular og universitet). Kommunen sine internetsider må brukast aktivt.
- Det skal setjast i gang tiltak som skal stimulera til ideutvikling og nyskapning.
- Det må satsast på rimelege bustader for ungdom i etableringsfasen.
- Betra tilgangen på bustadområde og bustadtomter.
- Rekrutteringstiltak for å skaffe etterspurt arbeidskraft.

## **2.4 Kommunal økonomi**

### **2.4.1 Inntekter**

Kvinnherad kommune får størstedelen av sine inntekter frå «frie inntekter» - skatteinntekter og rammeoverføringer. Ein er difor sårbar overfor endringar i regelverk når det gjeld skatt. Særleg kan ein sjå for seg ei omlegging som gjev kraftkommunane dårlegare rammevilkår.

Staten ynskjer ei omfordeling av inntekter som på mange felt vil ramma kraftkommunane. Kommunen vil difor når det gjeld statlege overføringer få dårlegare rammeverk i kommuneplanperioden. Ein stadig større del av overføringane vert gitt som øyremerka tilskot til spesielle tiltak og gjev kommunen mindre handlefridom.

Avgiftene på det kommunaltekniske området har auka monaleg dei siste åra, og vil i takt med investeringane i handlingsplanen for vatn- og kloakk auka i heile planperioden. Ein kan ikkje sjå at det er særleg rom for å skapa meirinntekter ved auke i andre avgifter (barnehage, SFO og egenbetalingar innan PLO).

Kommunen sitt potensiale når det gjeld inntektsauke ligg fortsatt på kraftverkssida.

Noverande ordning med eigedomsskatt må gjennomgåast. Ut frå eit rettferdsomsyn må det sjåast nærmere på korleis skattefordelinga slår ut mellom dei ulike gruppene, og kva inntekts - potensiale som ligg i ei utviding.

Det må også vurderast nærmere i kva grad sal av kommunal bustadmasse kan frigjera driftsmidlar.

#### 2.4.2 Utgifter

Driftsutgiftene til Kvinnherad kommune har auka mykje dei seinaste åra. Dette skuldast alt vesentleg auka lønskostnader og rammar såleis dei stillingsintensive tenesteområda i kommunen.

Kommunen har eit driftsnivå som er for høgt, og vil i kommuneplanperioden måtte redusera driftsnivået samstundes med at ein dekkjer inn akkumulerte underskot frå tidlegare år. Ei viktig oppgåve vert å halda kontrollen med driftskonsekvensane av nye investeringar.

Investeringsnivået er svært høgt, og kommunen har nesten ikkje eigenfinansiering av investeringar. Lånegjelda aukar, og kommunen vil i perioden igjen ha meir gjeld enn pengar på bok (kraftfondet). Dette gjer at kommunen vil vera sårbar for svingingar i rentemarknaden.

Skal ein skapa økonomisk handlefridom, må ein difor finna tiltak som kan gje ein varig reduksjon av utgiftene. Det vert frå statleg side sett eit kraftig effektiviseringspress på kommunane, og ein vil ikkje la kommunane nytta midlar frå sal av kommunale kraftverk for å unngå omstilling.

#### MÅLSETJING:

***Kvinnherad kommune vil gjennom ei betre økonomisk styring og reduksjon i driftsauken auka den økonomiske handlingsfridomen.***

#### Moglege strategiar:

- Auka kommunale inntekter gjennom auka folketal og fleire arbeidsplassar.
- Redusera driftsnivået ved effektiviseringstiltak
- Prioritera investeringar som frigje driftsressursar og gjev auka økonomisk handlingsrom, t.d. Enøk-tiltak.
- Nytta konkurranse i kommunal tenesteyting
- Sal av kommunal bustadmasse
- Synleggjera kommunen sitt inntektpotensiale på kraftsektoren.

## 2.5 Kommunen sin identitet

Kulturell eigenart er viktig som miljøfaktor og identitetsskapar for innbyggjarane. I denne ligg kjelde til livskvalitet og kjensle av å høyra til nokon stad. Kulturell eigenart er også viktig som grunnlag for næringsutvikling.

Naturen har alltid spela ei viktig rolle for menneska si identitetskjensle. Dette kjem tydeleg fram i Kvinnherad. Den framtidige Folgefonna Nasjonalpark, der størstedelen vil liggja i Kvinnherad, må utnyttast som del av identitetsbiletet av kommunen.

Næringslivet er også viktig for kommunen sin identitet. Kvinnherad er ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland. Også reiselivsnæringa har lange tradisjonar og har vore med på å utforma Kvinnherad sin identitet. Sjøen som hovudtransportveg frå gammalt av har medført lange båtbyggjartradisjonar. I nyare tid har kraftutbygging og kraftkrevande industri vore med på å forma biletet av Kvinnherad.

Kvinnherad sin totale identitet er bygd opp av mange småstrukturar - mange levande småsamfunn som til saman blir ein frodig og vekstkraftig smelteidig (spesielt synleggjort i Husnes-samfunnet). Frametter er det viktig å tydleggjera eit identitetsbilde av Kvinnherad sitt mangfold som natur- og kulturstad og industriell smelteidig, men og eit nytt og framtidssrettet Kvinnherad med preg av eit teknologisk moderne kultur- og næringsliv. Det må gjevast eit truverdig bilet av kommunen som dei unge kan identifisera seg med, kjenna seg fortrulege med og vera stolte av.

### MÅLSETJING:

*I Kvinnherad vil vi skapa god livskvalitet for alle ved å løfta fram det kulturelle mangfaldet, kommunen sin særeigne natur og identiteten knytt til dei mange levande småsamfunna.*

#### Moglege strategiar:

- Synleggjera det kulturelle mangfaldet, naturgrunnlaget og kommunen sitt allsidige næringsliv.
- Styrkja dei estetiske kvalitetane ved å heva arkitektonisk standard på utforming av bygningsmiljø og møteplassar, også kommunale hus og plassar.
- Leggja til rette for at barn og unge får utvikla identitet til heimkommunen.
- Kulturminna må haldast i hevd.

## 2.6 Kommunestrukturen

### 2.6.1 Senterstrukturen

I den førre kommuneplanen vart det halde fast på den todelte senterstrukturen med Husnes som hovedsenter (industri, handel og utdanning) og framtidig senter for regionale funksjonar og Rosendal som kommunalt administrasjonssenter og nasjonalt satsingsområde for reiseliv, natur og kultur.

Ein kommune der den naturlege strukturen er bygd opp kring *eitt* senter, vil oppleva dette som ein styrke. Men det er vanskeleg å skapa dette i ein kommune der historien ikkje tilseier det. Kan det skapast synergieffektar og sparte ressursar dersom investeringar i senterutvikling og administrasjon skjer same staden? For administrasjonen er det naudsynt å peika på rasjonelle løysingar for kommunal tenesteyting til innbyggjarane. Frå ein slik synsstad kan det

vera meir effektivt å samla alle kommunale administrative funksjonar til Husnesområdet, - m.a.o alt til eitt senter.

Kvinnherad er på mange vis ein spesiell kommune - stor i utstrekning og stor i innhald. Husnes og Rosendal har på mange måtar funne si «arbeidsdeling». Dei er i hovudsak ikkje konkurrerande, men supplerande. (Ein viss konkurranse kan også vera sunt!) Dette innber likevel ikkje idealtilstandar for korkje Husnes eller Rosendal. Begge har utviklingspotensiale som må utnyttast og stimulerast, men på ulike premissar.

## 2.6.2 Sentralisering

Samfunnsutviklinga generelt viser at fleire og fleire mindre bygdesentra misser både postkontoret og lokalbutikken. Denne sentraliseringstendensen ser vi også i Kvinnherad, men det er lite truleg at ein kan reversera denne tendensen ved å satsa på berre eitt hovudsenter i kommunen. Det er andre mekanismar som ligg bak ei slik utvikling. Sentralisering i handel kan innbyggjarane sjølv gjera noko med om dei vil ved å oppretthalda grunnlaget for lokalbutikken ved å handla varene sine der.

Kommunestruktur har også mykje med skulestruktur å gjera. Eigen skule medfører ofte eigne fritidsaktivitetar gjennom lag og organisasjonar, og den lokale skulen fungerer i mange høve som bygdehus.

Skulestrukturen har på si side mykje med busetjingspolitikken å gjera. Tilrettelegging for bustadbygging fører til fleire innbyggjarar som dermed styrkjer grunnlaget for fleire tenester..

## MÅLSETJING:

*I Kvinnherad vil vi vidareutvikla ein senterstruktur som m.a. byggjer på:*

- *Husnes som hovudsenter i kommunen, regionsenter for idrett og lokaliseringssstad for andre regionale funksjonar.*
- *Rosendal som nasjonalt satsingsområde for reiseliv, kultur og natur.  
Hovudadministrasjonen skal og vere i Rosendal.*

*I Kvinnherad vil vi vidare stimulera og styrkja utviklinga av levande bygdemiljø og bærekraftige lokalsamfunn prega av mangfold, tryggleik og trivsel.*

## Moglege strategiar:

- I dei mindre og mellomstore bygdesamfunna må det leggjast tilrette for spreidd bustadbygging og romslege bustadomter.
- Det må sikrast areal for vidare utvikling av dei ulike bygdesentra.
- I sentrumsområda skal det leggjast vekt på fortetting med optimal utnytting av grunnlags-investeringar og tenestetilbod.
- Det skal skapast levande bygdesenter ved å kombinera service, næring og bustader.

## 2.7 Kvinnherad og regionstrukturen

Den regionale tilknytninga og grensene mellom dei ulike regionane er ikkje lenger så opplagde som før. Regionsentra er heller ikkje så klart definerte lenger.

### 2.7.1 Regionalisering

På Vestlandet har ein allereie kome eit godt stykke på veg når det gjeld å tenkja regionalisering. Det er bl.a. sett i gang prosjekt som skal utgreia ei eventuell samanslåing av vestlandsfylka. I dette ligg også eit ynskje om meir sjølvstende andsynes hovudstaden Oslo.

Meir lokalt er det i første omgang tale om betre utvikla former for samhandling mellom regionane Sunnhordland, Hardanger og Haugalandet. Kvinnherad har 2 “regionsenter” å forhalda seg til, nemleg Odda og Leirvik. Samstundes ligg Kvinnherad midt mellom byane Bergen og Haugesund. Dette byr på nye utfordringar når Folgefondtunnelen vert opna. Det opnar for nye strategiar for samarbeid og samhandel som vedkjem både næringslivet, dei offentlege tenestene og samferdsle.

### 2.7.2 Regionen som funksjon

Regionar er meir enn fysiske, geografiske einingar. Ein region går i dag meir i retning av å bli definert av ein *funksjon*, og stadbundne eigenskapar har stor betydning for at nettverk skal fungera som einingar. Heller enn kartfesta, avgrensa regionar, vil regionane bli skapte av organisasjonsmodellar i offentlege og private verksemder. Nærleik til innbyggjarar er viktig i all tenesteyting.

#### MÅLSETJING:

***Kvinnherad vil arbeida aktivt for å realisera ein ”storregion” i Hardanger og Sunnhordland. Husnes skal løftast fram som den sentrale lokaliseringsstaden for felles regionale funksjonar.***

#### Moglege strategiar:

- Kvinnherad skal utviklast som den leiande vekstcommunen i grensa mellom Sunnhordland og Hardanger.
- Den tredelte samferdselsstrategien som Kvinnherad satsar på skal nyttast som katalysator og eit av fleire verkemiddel i arbeidet med å realisere ein «storregion».

## 2.8 Kommunikasjonar og samferdsle

### 2.8.1 Stamvegnettet

Det meste av Kvinnherad kommune er framleis utan vegfast samband med omverda. I tillegg manglar ein eit samanhengande internt vefsamband. Kommunen er difor i dag svært avhengig av ferjesambanda. Totalt er det fire ferjesamband i Kvinnherad, og alle er trekantsamband. Dermed blir reisetida ut og inn av kommunen ekstra lang. Utan betring i samferdsletilhøva, vil næringslivet i kommunen etter kvart få problem, folketalet vil gå ned, og det offentlege tenestetilbodet vil bli svekka. For å unngå dette, har kommunen satsa på ein tredelt samferdselsstrategi:

***Folgefondtunnelen mot Odda  
Halsnøysambandet  
Sambandet mot vest (Bergen, Stord, Haugesund)***

Kvinnherad kommune har vedteke å forskottera utbetring på viktige parsellar på strekninga Mauranger-Gjermundshamn-Tysse. Dette fører til innkorting og standardheving av Kvinnherad sin veg til Bergen. I tillegg vil løysinga gje ei ny trafikkåre av høg standard mellom Bergen og Oslo.

### **2.8.2 Halsnøysambandet.**

Halsnøysambandet vil gje innbyggjarar på Halsnøy vegfast samband til eigen kommune og til stamvegnettet via Folgefonntunnelen . Halsnøysambandet vil føra til at ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord vert korta inn og endra frå trekantsamband til pendelsamband. Dette vil gje kortare reisetid og betre frekvens på ferja. På sikt bør sambandet kortast ytterlegare inn ved at nye ferjekaiar blir realisert på høvelege stader både på Stord og i Kvinnherad.

### **2.8.3 Folgefonntunnelen.**

Folgefonntunnelen vil gje Kvinnherad vegutløysing og direkte tilknyting til stamvegnettet. I tillegg vil kommunen få kort veg til regionsenteret Odda. Folgefonntunnelen vil gje auka trafikkgrunnlag for det nye ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn, noko som vil gje eit betre ferjetilbod.

### **2.8.4 Innkorting av ferjesambandet Kvinnherad – Etne.**

Etablering av nytt ferjeleie på Vannes vil gje monaleg kortare overfartstid og auka kapasiteten på ferjesambandet tilsvarande. Kombinert med veg til Sauda vil dette gje ein rask veg mellom Bergen og Ryfylke via Kvinnherad.

### **2.8.5 Trafikksikring.**

Dei største trafikksikringsproblema i Kvinnherad finn ein langs riksvegane. Kommunen prioriterer difor utbetring og bygging av gang- og sykkelvegar langs riksvegane svært høgt. Av den grunn går kommunen tungt inn med tilskot og har søkt forskottering for fleire prosjekt.

### **2.8.6 Fylkesvegar**

Hesviktunnelen står no som nr. 1 på fylket si prioritieringsliste over store fylkesveganlegg som skal realiserast med statstilskot. Dersom lang tunnel til Jondal blir prioritert, vil Hesviktunnelen falla ut for godt. I så fall vil det truleg gå lang tid før Kvinnherad og Jondal blir knytt vegfast saman.

Fjelbergsambandet er samansett av bru og fylling mellom Borgundøy og Fjelbergøy og kabelferje vidare til Sydnes på Halsnøy. Prosjektet er tenkt delfinansiert med dei offentlege tilskota på det eksisterande ferjesambandet. I tillegg har kommunen søkt om å få forskottera del av kostnadene.

På Varaldsøy blir det arbeidd med realisering av skogsbilveg ut til Skjernesodden. Vegen kan seinare bli fylkesveg og nyttast som tilkomstveg til ny ferjekai. Dermed vil ferjesambandet over fjorden bli ytterlegare forbetra.

### **2.8.7 Kollektivtransport**

Busstilbodet i Kvinnherad er jamt over av god standard. Det er likevel etterlyst hyppigare avgangar frå Rosendal og frå Utåker enn kva tilfellet er i dag. Det er HSD som har konsesjon på busstransport.

I det nasjonale transportplanarbeidet har ein som målsetjing å vri passasjertransport frå privatbil over til kollektive transportmiddel. Skal dette vera eit realistisk mål, må statlege tilskot auka. Elles er det svakt utbygd med busslommer og busskur. Dette har og med tryggleik og reisekomfort å gjere. Det er særleg utkantane som er mangefullt utrusta, men og langs Rv. 48.

Utfordringa frametter vert nye rutemønster etter opning av Folgefondtunnelen. Ein reknar med at talet på arbeidsreiser mellom Kvinnherad og Odda vil auka, det same vil til ein viss grad også gjelda skulelevar. Ekspressbuss mellom Odda og Kvinnherad vert ein realitet med korrespondanse mot Haukelis-ekspressen ved Skare og hurtigbåt vidare til Bergen frå ny terminal sentralt i Kvinnherad.

### 2.8.8 Godstransport

Godstransporten i området er svært avhengig av dei tilskotsordningane som vert ytt via samferdselskontoret. Betre kommunikasjonar i regionen og mot Bergen og Oslo kan få stor innverknad på all transporten inn til og ut av kommunen. Verknaden av dette blir ein merkbar realitet alt etter opning av Folgefondtunnelen. På sikt kan det verta aktuelt å etablira ein større inn-og utskipingsterminal for gods ved industriområdet på Husnes i samarbeid med Sørals.

### 2.8.9 Telekommunikasjonar

Teletenestene i Kvinnherad er utbygd omlag til same nivå som resten av Sunnhordland. Analoge sentralar er stort sett bytt til ISDN sentralar. Nokre stader gjenstår det å leggja om abonnementslinjene til ISDN. Deler av kommunen har hatt dårlig ISDN-dekning grunna manglende driftssentralar. ADSL-breidbandnett, særleg med tanke på internett er under utvikling og er venta tatt i bruk i løpet av planperioden også i Kvinnherad. Mobilnettet er godt utbygd også når det gjeld GSM.

#### MÅLSETJING:

*I Kvinnherad vil vi skapa kommunikasjonar som kan tryggja og vidareutvikla busetnad og næringsliv i kommunen.*

#### Moglege strategiar:

- Det må arbeidast aktivt for å betra kommunikasjonane både til Hardanger og Sunnhordland, og mot Bergen og Oslo.
- Kvinnherad vil ved særlege høve nytta økonomiske verkemiddel som t.d forskottering eller tilrå tilsagn til bompengefinansiering for viktige vegprosjekt.
- I samarbeid med næringslivet vil kommunen påskunda utviklinga om ADSL-breibandnett innan telekommunikasjonen
- Det skal utarbeidast kommunal trafikksikringsplan
- Kvinnherad kommune går inn for samband til Jondal.
- Ferjetilbodet må betrast med nattferjer og betre tilbod i helgene.
- Kvinnherad vil arbeida aktivt i høve til sentrale myndigheter for å oppnå status i NTP (Norsk Transportplan)
- Det bør leggjast fast dekke på alle kommunale vegar.

## 2.9 Næringsutvikling

I kapittelet om sysselsetjing og arbeidsmarknad er det sagt ein del om utviklinga innan dei einskilde næringane.

Kommunen utarbeidde i 1991 eigen næringsplan. Denne må reviderast og tilretteleggjast som strategisk dokument og koplast mot dei mål som den nye kommuneplanen uthykker.

### 2.9.1 Diverse næringar

Landbruket står tradisjonelt sterkt i Kvinnherad og vi har fleire store og viktige landbruksområde i kommunen. Kvinnherad er ein av dei største skogbrukskommunane i fylket i areal og årleg tilvekst. Det er viktig å ta vare på større bruk i drift, men det er også viktig å ta vare på mindre bruk for å oppretthalda matproduksjon, busetnad, stabil arbeidskraft og kulturlandskapspleie. Dette er viktige nasjonale føringar. Folk med tilknyting til gardsbruk har vore og kjem til å bli ein viktig arbeidskraftressurs for andre næringar, for busetnad og sosial aktivitet i bygda.

Oppdrett og foredling av fisk er ei næring i sterk vekst. Kommunen ønsker å stimulera til ytterlegare vekst innafor gjevne fiskerifaglege rammer balansert mot miljøinteressene. Særleg ser ein potensiale i utvikling av skjel. Sjøområda i Kvinnherad er vurderte som svært godt eigna både for fiskeoppdrett og til skjeldyrking. Fiskeforedlingsverksemndene i kommunen bør eventuelt saman med nye foredlingsverksemnder sikrast nødvendige rammevilkår, gjerne ved at kommunen til dømes peikar ut stad for nytt fiskerisenter lagt til sjø.

Skipsbryggingsbransjen har dei siste åra opplevd ein høgkonjunktur, men er nå inne i ein meir usikker periode. Næringa er konkurranseutsett og opplever konjunktursvingingar som medfører ujamn sysselsetting. Denne næringa er stor i Kvinnherad og har ringverknad til andre næringar. Sjølv om stoda for norsk skipsbygging i periodar er vanskeleg, bør fortrinn som høg lokal kompetanse og eit stabilt fagmiljø føra til større aktivitet og fleire arbeidsplassar innan skipsbyggingsindustrien i Kvinnherad.

Mekanisk industri utanom skipsbygging har betre ordretilgang og opplever til tider problem med å få fatt i arbeidskraft med yrkesfagleg bakgrunn og fagbrev. I den seinare tid har dette endra seg positivt. Det er derimot ikkje problematisk for dei å få fatt i arbeidskraft med bakgrunn i høgare utdanning. Mange søkerar med lokal tilknytning til utlyste stillingar for arbeidstakrar med akademisk utdanning kan tyda på at fleire ungdommer ynskjer seg heim etter endt akademisk utdanning dersom det hadde vore tilgjengelege arbeidsplassar. Dette gjev følgjande konfliktbilde: Industribedriftene manglar kvalifiserte fagarbeidarar til handverkaryrkja. Utdanna ungdom set som premiss for reetablering i Kvinnherad at det finst arbeidsplassar for akademiske fag. Begge deler er vitale oppgåver som må løysast. Utvikling av arbeidsplassar for akademiske fag vil erfaringsvis stimulera kvinneandelen i yrkeslivet.

Reiselivet i Kvinnherad er aktivt og har lange tradisjonar. Reiselivet er mest aktivt i sommarhalvåret, men ein ser at internasjonale trendar med spreiing av opplevelsesreiser over året også vert vanleg på våre kantar. Dette er viktig for næringslivet sidan det gjev ei jamnare sysselsetjing. Det må stimulerast til større effekt på dette området. Nasjonalt og internasjonalt finn ein store reiselivsaktørar det er viktig å ”selja” kommunen til som reisemål. Her trengst det ressursar til marknadsføring og ei tydeleg profilering av reisemålet. Kommunikasjonane er viktige for reiselivet. Realisering av ein del store samferdselsprosjekt i tida framover vil gje betre tilgang til heile Kvinnherad som reisemål. Utfordringane frametter er ei betre

organisering av reiselivet, og at ein gjer tettstadene opnare og betre innretta mot turistane som besøkjer Kvinnherad.

Handelslekkasjen som før var merkbar til Stord – Haugesund har snudd og stabilisert seg på eit lågare nivå. Dette har skjedd parallelt med senteruviklinga på Husnes og at fleire bransjeforretningar er blitt etablert i Kvinnherad. Det er lite truleg at ny veg til Odda vil endra dette tilhøvet i særleg grad.

Offentleg tenesteyting, og då spesielt dei kommunale tenestene, sysselset mange. Det er god dekning både innan helse- og sosialsektoren og i oppvekstsektoren når det gjeld kvalifisert arbeidskraft. Den private tenesteytinga har auka i omfang i kommunen. Men i denne bransjen er potensialet for nyetableringar framleis stort i Kvinnherad.

Næringsutviklingsarbeidet i kommunen er aktivt, men har i for stor utstrekning preg av «redningsaksjonar». Kommunen sin innstas bør i større grad vridast over på tilrettelegging for utvikling, både utviding av eksisterande verksemder og nye. Dette gjev sysselsetting, auka folketal og auka skatteinntekter til kommunen. Næringsorganisasjonane er gode på nettverksbygging og ivaretaking av medlemene sine interesser. Kommunen er ein objektiv instans i høve til alle typar næringer og med klare målsetjingar. Det næringsutviklingsarbeidet som kommunen utfører er difor avgjerande for ei god utvikling i kommunen, men eit samarbeid med næringsorganisasjonane er og naudsynt.

### 2.9.2 Samarbeid

Det må arbeidast aktivt med strukturane i næringslivet. Samarbeid mellom skule/ høgskule/ universitet og næringsliv er viktigare å satsa på enn å fokusera på kvinnelege arbeidsplassar og «redningsaksjonar». Å utvikla og stimulera felles serviceorgan for næringslivet er viktig nettverksbygging. I Kvinnherad finn ein i dag slike organ. I tillegg er «næringshagar» under etablering både i Rosendal og på Husnes. Dette går i regi av næringslivet, det offentlege og SIVA. Hovudmålet er etableringshjelp. Særlege stimuli vil ein gje til IT- bedrifter.

Næringsparkar er eit anna tiltak der ein samlar fleire bedrifter over same infrastruktur sterkt initiert av kommunen. Døme på næringspark finn ein i Høylandsbygd, Opsanger, Bognes, Husnes og Børnes. Men det ligg og til rette for etablering av næringsparkar i Sandviklia, i Rosendal, ved Røynholm, Årsnes, Mauranger og ved Ølve.

### MÅLSETJING:

**Kvinnherad kommune skal i samarbeid med næringslivet, einskildpersonar, organisasjonar, fylke og stat hjelpa til med å utvikla eit mest mogleg allsidig og lønsamt næringsliv.**

#### Moglege strategiar:

- Det skal utarbeidast informasjon om kva næringsliv ein finn i kommunen og kva høve det er til sysselsetjing. Tiltaket vert særleg retta mot ungdom.
- Kommunen skal framleis arbeida aktivt for å leggja til rette for næringslivet gjennom utvikling av nye arbeidsplassar.
- Det skal utgreiast nærmere kva som må gjerast for å få fleire bedrifter, t.d. IT-bedrifter (kunnskapsbedrifter) etablert i kommunen.
- Kommunen skal leggja særleg vekt på å delta i utvikling av vekstnæringane reiseliv og havbruk. Det skal utarbeidast eigne analysar for desse næringsgreinene.

- Næringsplanen må rullerast. Gjennom denne skal kommunen synleggjera ei offensiv og positiv haldning til næringsutvikling og avklara kommunen sitt engasjement.
- Grein av Vestlandsrøyret (gass) må leiast inn til Kvinnherad.

## **2.10 Levekår**

Gode eller mindre gode levekår er avhengig av mange faktorar. Dels avhengig av eigne føresetnader/vilkår, dels av dei mellommenneskelege sosiale nettverka ein er del av og dels dei offentlege tenestene. I kommuneplanen må det vera ei overordna målsetjing å skapa trivsel og eit meiningsfullt tilvære for dei som bur i lokalsamfunna.

### **2.10.1 Oppvekst**

I Kvinnherad vart det i 1996 utarbeidd ein eigen plan for oppvekst og nærmiljø. Denne må reviderast og tilretteleggjast som strategisk dokument og koplast mot dei mål som kommuneplanen uttrykkjer.

Å skapa gode oppvekstvilkår for barna er ei investering i kommunen si framtid. Grunnlaget for om barna sjølv etablerer seg i heimkommunen i vaksen alder, blir lagt i barne- og ungdomsåra. Dersom barna utviklar ei god sjølvkjensle overfor heimstaden, er det også meir sannsynleg at dei ynskjer å busetja seg her når dei kjem i etableringsfasen.

Gode oppvekstvilkår for barna omfattar både ein tilrettelagt infrastruktur og trygge sosiale omgjevnader. Sentrumsområda har vorte ein opphaldsstad for ungdommen i helgene. Dette vert av mange opplevd som utrygt. Ikke berre er alkoholen ein trussel, men det vert også stadig lettare å få fatt i narkotiske stoff. Å sikra barna ei god framtid vil utfrå dette føra med seg ei satsing både når det gjeld infrastruktur, i høve til møteplassar og sosiale nettverk av offentleg og privat karakter.

Barnetala i kommunen har vist ein nedgang den siste tiårs-perioden, Utviklinga i barnetala gir direkte utslag for barnehage- og skulestrukturen. Ei ferdigstilling av pågåande og planlagde utbyggingar på barnehagesektoren, ser ut til å medføra relativt god dekning i talet på barnehageplassar. Utfordringa i barnehagesektoren er å få til fleksible løysingar. Innføringa av kontantstøtteordninga har medført auka behov for t.d. korttidsplassar.

Arbeidssituasjonen til foreldra med stadig meir varierande arbeidstider, medfører også endringar i behovet for opningstider i barnehagane.

Kvinnherad har lagt vekt på å oppretthalda ein desentralisert skulestruktur. I læreplanen (L97) finn vi ei målsetjing om at skulen skal vera ein aktiv og levande kulturinstitusjon i lokalsamfunnet. For læreriljøet og dei sosiale tilhøva for barna er det likevel ikkje positivt dersom skulane vert for små. Ein må difor vera open for å vurdera nedlegging av skular dersom det fagleg sett er sterke moment som talar for det og ein elles kjem fram til gode løysingar. Ei organisering i ein område- eller sonemodell kan vera av interesse for oppvekstsektoren, etter modell av pleie- og omsorgstenesta og gjerne i samarbeid med andre kommunale tenester. Handlingsplanen for skule- og oppvekstsektoren vil jamnleg kunna ta opp og vurdera desse spørsmåla.

### **2.10.2 Helse- og sosialtenester**

Innanfor helse- og sosialtenesta er utfordringane store. Barnevernsakene har auka i antal, både HVPU- og psykiatri-reforma har påført kommunen store ekstrakostnader som fylgje av at

kommunen er vertskommune for Valen sjukehus og var vertskommune for tidlegare Kvinnherad distriktsheim. I tillegg aukar talet på eldre i kommunen, og særleg i gruppa over 80 år. Det er også denne aldersgruppa som krev mest ressursar frå kommunen si side.

Pleie- og omsorgstenesta i kommunen er delt inn i 4 soner der ein satsar på å byggja opp mest mogleg integrerte senter med samla tenestetilbod. Dette er ei løysing som er brukarvenleg ved at ein får alle tilbod på same staden, samstundes som det gir fleksibilitet blant arbeidsstokken. Vidare arbeider ein innanfor hovudmålsetjinga om at alle brukarar som ynskjer det skal kunna bu i eigen heim, noko som medfører prioritering av ressursane mot heimetenesta og mot omsorgsbustader i tilknytning til personalbasen/ eksisterande institusjon.

Sjølv med ei viss utflating, er det ei utfordring for Kvinnherad at talet på eldre enno aukar noko. Dette vil krevja ressursar av kommunen og setja strenge krav til effektivitet i tenesta overfor desse aldersgruppene. Denne aldersgruppa representerer også ein unik ressurs for ein kommune som ynskjer å fokusera på livskvalitet, identitet og tradisjonsrik kultur. Ein burde t.d. kunna utvikla og utnytta eit godt samarbeid mellom skuleverket og dei eldre i kommunen.

Trafikksikring er elles eit felt som verkar direkte på levekåra til både barn og eldre. Desse aldersgruppene er «mjuke» trafikantar, og dermed avhengig av trygge vegar og/ eller godt utbygd kollektivtilbod.

### **2.10.3 Kulturutvikling**

I tillegg til det stad- og naturgjevne, er kulturpolitikken saman med det frivillige lagsarbeidet viktige grunnpilarar i arbeidet med å fremja livskvalitet og trivsel. Frivillig innsats må for å halda fram, stimulerast og foredlast ved tilrettelegging av gode rammevilkår. Dette er av dei viktigaste investeringar i livskvalitet kommunen kan gjera. Stimuleringstiltaka må ha breidde og fanga fleire aldersgrupper og funksjonar, samstundes som ein er meir målretta mot det kulturspesifikke, det som ein ynskjer å framheva. Det er også viktig å retta tiltak mot dei gruppene som ikkje i eigen regi har ressursar eller evne til å delta i lagsmangfaldet, men lett fell utanfor.

Vidare har kommunen eit ansvar for å fremja estetiske kvalitetar med formidling av kunst og å utsmykka offentlege bygg. Kommunen vil også vera med å sikra kulturskattar som Baroniet i Rosendal, Fjelberg Prestegard og Halsnøy Kloster, og elles støtta kulturtildelingar.

## **MÅLSETJING**

***I Kvinnherad vil vi arbeida for å skapa engasjement og ansvarleggjera menneske i nærmiljøet.***

### **Moglege strategiar:**

- Vi vil skapa trygge og stimulerande oppvekstkår for barn og unge i lokalsamfunnet og læringsmiljø prega av kvalitet og trivsel.
- Vi vil arbeida for å betra levekåra for menneske med særlege behov.
- Det må leggjест betre til rette for at unge som treng det skal få seg bustad.
- Trivsels- og tryggleiks faktorar skal tilleggjast stor vekt ved planlegging og utforming av det fysiske miljøet.
- Ungdom må få større reell medverknad.
- Ordninga med ungdomsråd må vidareutviklast.
- Stimulera til å løysa ut dei ressursar dei eldre representerer i lokalmiljøet

## 2.11 Miljø- og naturforvaltning

I 1993 vart det utarbeidd eigen plan for miljø- og naturressursar. Etter at miljø- og naturforvaltning kom på dagsordenen i dei ulike kommunane, har dette arbeidet ofte vorte sett på som ein eigen sektor som krev eigne planar og ressursar. Dette er også eit viktig og naudsynt arbeidsfelt, men samstundes rettar ein då mykje ressursar mot opprydding og reparasjonar. Ved ei sterkare integrering av miljø- og naturforvaltninga inn i andre sektorar og deira planarbeid, kjem ein meir inn på den førebyggjande sida, og ein kan i sterkare grad sikra at dei aktivitetane som skjer i kommunen skjer etter prinsipp av rett miljø- og naturforvaltning. Dette samsvarer med dei nasjonale måla om Lokal agenda 21.

I kommuneplanperioden skal det utarbeidast ein sektorgjennomgripande miljøhandlingsplan som viser korleis kommunen kan medverka til å utvikla berekraftige lokalsamfunn og styrke dialogen med innbyggjarane og næringslivet m.a. om ny natur- og ressursbasert verksemd. I kommuneplanen vil alle nye tiltak bli vurdert i høve til kultur og miljøkvalitetar. Det same gjeld i kva grad tiltaket kan ha konsekvensar for regionale eller nasjonale målsetjingar eller føringar. Endringane vert særskilt kunngjort ved utlegg til offentleg ettersyn.

### 2.11.1 Planar med konsekvens for miljøet

Kvinnherad kommune har utarbeidd hovudplan for avløp (1995) Denne er no under revisjon. I planperioden skal kommunen gjennomføra ei storsatsing på fornying av avlaupsnettet med bygging av fleire nye reinseanlegg, med samkøyring, separering og tetting av eldre nett.

I standsona og i sjøområda er behova for arealavklaring med særleg vekt på naturmiljøet større. Her er naturressursane mindre og konkurransen om arealbruk stor. Det er allereie i offentleg regi sikra større samanhengande friluftsområde i sjø og ved strandsonene. Målsettinga vidare er å sikra kommunen sine geografiske område, gode rekreasjonsområde samt å sikra felles kulturminne.

### 2.11.2 Estetikk i forvaltninga

Etter at plan- og bygningslova vart endra i 199?, er estetikk blitt eit meir aktuelt tema enn før. Begrepet skal i motsetning til tidlegare sikrast eit kvalitativt innhald. Kvinnherad kommune arbeider for tida med å byggja opp rutinar rundt dette. Målsettinga er å påverka til god bygeskikk, god tettstadutforming og godt utforma bumiljø og fellesanlegg.

### 2.11.3 Kulturminnevernet

Dei gamle historiske spora er viktige, ikkje fornybare ressursar og difor ein vesentleg miljøfaktor i lokalsamfunnet. Det gjev ibuarane «røter» og identitetskjensle og aukar forståinga for eiga stode i livssyklusen, - tida som var og som kjem. Plan- og bygningslova er endra og gjev eit betre rettsleg vern om kulturminna. Ei god forvaltning på dette området saman med kunnskapsformidling og ei synleggjering av lokalhistoria, er dei viktigaste bidraga til bevaring av dei lokale kulturminna.

### 2.11.4 Folgefonna nasjonalpark

For tida er det i gang eit planarbeid med sikte på å etablera ein nasjonalpark tilliggjande landskapsvernområde for Folgefonna og ein del mråda rundt fonna. Kvinnherad vil aktivt vera med i dette arbeidet. I tråd med statlege føringar Jfr. Rundskriv T-2/87 revidert okt.-93, skal ein større del av forvaltningsansvaret for naturområda overlastast til lokalt mynde. Det ligg ei

utfordring for kommunen i å påverke denne prosessen slik at sjølvråderetten kan oppretthaldast og at det i ein god kombinasjon med verneformålet vert rom for å utytta det opplevingsmessige - og det økonomiske potensiale som ligg i fjellområdet. Konflikt-potensiale og grensesnitt mot utnytting av vassdragsressursane må finna si avklaring.

### MÅLSETJING:

***Kvinnherad kommune skal i samarbeid med innbyggjarane og næringslivet styrka innsatsen for ei økologisk og økonomisk forsvarleg miljø- og ressursforvaltning som kan fremja utvikling av berekraftige lokalsamfunn.***

#### Moglege strategiar:

- Etablira fora som kan gje oppdatert kunnskap om- og forståing av miljøet.
- Utvikla kommunal miljørevisjon der nye og endra tiltak kan evaluerast mot nasjonal standard og mål for balansert ressursutnytting og forvaltning av mangfold.
- Estetikk må innarbeidast i plan- og byggesaksbehandlinga i kommunen.
- Avklara heimelsgrunnlag og kommunalt ansvar for tiltak mot forureining.
- Betre anlegg og rutinar for renovasjon og avlaup
- Omsynet til miljø- og naturgrunnlaget skal vera gjennomgripande i all planlegging i kommunen.
- Satse på bruk av naturgass i industri og hushaldning.

## 2.12 Busetnad

I kapittelet om folketalsutvikling er det sagt ein del om korleis utviklinga har vore i dei ulike krinsane i kommunen. Det er liten samanheng mellom folketalsutvikling og bustadbygging. Dette jamnar seg likevel ut over tid.

I dei fleste krinsane er det liten tilgang på bustadtomter, særleg gjeld dette sentralt i dei største bygdene. I Husnesområdet syner det seg å vera stor gjennomtrekk med mykje sal av småhusvære og av einebustader.

### 2.12.1 Bustadpolitikk som verkemiddel

Tilrettelegging av tomter kan i stor grad vera med å styra utviklinga i ein kommune. I Kvinnherad har vi hatt feltutbygging i dei fleste krinsane, men sjølv sagt mest i tilknyting til dei største bygdene. Samstundes har det dei vore praktisert ein liberal politikk med å godkjenna einskildtomter, særleg i utkantane. Dette ønskjer ein å halda fram med.

På 1980-talet sto kommunen sjølv for mesteparten av tilrettelegginga av bustadfelt. Dei siste åra har private entreprenørar teke på seg tilrettelegging av bustadfelt i sentrale område. For å oppnå ei god fordeling mellom sentrumsnære område og krinsane, kan ein la entreprenørar stå for utbygging av område som gjev rask omsetning, medan kommunen tek område med lengre omsetning. For å stimulera til bustadbygging i utkantkrinsane, bør ein kunna tilby store bustadtomter, gjerne med naustrett.

### 2.12.2 Bustadbehov

I perioden frå 1990 og frametter har talet på nye bustader variert sterkt frå år til år.

Svingane er særleg store i Husnes-området, med eit minimum på 10 husvære i 1993, til 60 i 1998. Rosendal har eit tilsvarande sprang frå 5 i 94 til 35 i 98. For andre delar av kommunen er variasjonane mindre. Grunnen til svingane har truleg to årsaker; Ujamn tilrettelegging av nye bustadfelt og bygging av omsorgsbustader i perioden 96 til 98 Statistikk syner eit snitt

(logaritmisk snitt) på nye bustader for heile kommunen på ca 70 pr år Etterspurnaden etter nye tomter er størst i Rosendal og ved Husnes. I Rosendal er det eit tydeleg akkumulert behov som må finne si løysing i planperioden. I krinsar med tilbakegang i folketallet er det og merka ein relativt høg etterspurnad etter tomter den seinare tida.

Trendutviklinga syner auka etterspurnad etter nye tomter i heile kommunen, frå 80 i 1999 til ca. 100 i 2010. For å sikra eit visst mon av valgmuligheter og ein viss beredskap, bør det i det vidare planarbeidet leggjast opp til eit **bustadbehov på omalg 100 pr år**. I dette talet ligg også småhusvære og omsorgsbustader.

## MÅLSETJING:

*Kvinnherad vil føra ein bustadpolitikk som opprettheld balansen i folketalsutviklinga i kommunen og som styrkjer dei noverande bygdesentra.*

### Mogelege strategiar

- Aktiv planlegging for å sikra tilgangen av bustadtomter i heile kommunen.
- Optimal utnytting av eksisterande grunnlagsinvesteringar (fortetting og konsentrert utbygging).
- Opna for spreidd utbygging innafor avsette soner i LNF-område i utkantkrinsane.
- Leggja til rette for romsleje einebustadtomter i utkantane.
- Gjennom reguleringsplan eller bebyggelsesplan leggja til rette for meir konsentrert feltutbygging nærmere sentrumsområda.
- Leggja til rette for at private entreprenørar kan tilretteleggja bustadfelt i sentrale område og at kommunen sikrar areal og delvis tilrettelegging i andre bygder.

## 2.13 Tenesteproduksjon

Kvinnherad kommune er ein vidstrakt kommune med mange mindre bygdesamfunn. Dette legg på mange måtar rammer for den organisatoriske oppbygging av tenesteproduksjonen. I Kvinnherad har vi god dekning og høgt nivå på det kommunale tenestetilbodet. Det har så langt vorte lagt vekt på å yta tenestene etter ein desentralisert modell. Vi opplever no ein auka tendens til at pasientar treng opphold i kommunale institusjonar på grunn av ei stadig tidlegare utskriving frå sjukehus. Vidare fører andre verdihaldningar i samfunnet og endra familiestrukturar til eit stadig større press på dei offentlege tenestene. For vårt tenesteapparat medfører dette krav til høgare kompetanse, større fleksibilitet og ei betre samordning av tenestene.

Den generelle samfunnsutviklinga går i retning av auka krav til kvalitet på offentlege tenester. Her blir også Kvinnherad kommune utfordra, både i høve til kvalitet og kvantitet. I tillegg vert ein utfordra til å samordna tenestene i eit komplett og fullverdig tilbod til innbyggjarane i kommunen.

Samordninga må kommunen som leverandørar stå for. Brukarane må ikkje oppleva å verta ”kasteballar” mellom tenesteytarane.

Det må også arbeidast for å få til ei sterkare samordning mellom dei ulike kommunale tenester og tenester ytt av trygdesystemet og arbeidsmarknadsetaten. Ei slik samordning vil ikkje berre gje eit betre tilbod for den enkelte brukar, men vil også gi ein effektiviseringsgevinst for heile det offentlege tenesteapparatet. Overfor dei tenesteytande må kommunane spela ei aktiv og

tydeleg rolle som arbeidsgjevar. Overfor innbyggjarane må kommunen vera tydelegare på kva tenester ein skal yta og kva ein ikkje skal yta. Denne grenseoppgangen vil gje ein ryddigare kvardag for både brukarar og leverandør. Dessutan vil det synleggjera kva tenesteområde som kan vera aktuelle for private engasjement og/eller dugnadsinnsats frå enkeltpersonar eller den «tredje sektor».

Det ligg også ei stor utfordring i å kunna utnytta det teknologiske verktyet i ein slik grad og på ein slik måte at målet om desentrale arbeidsmodellar for tenesteyting vert rasjonelt nytta til beste for brukarane på heildøgnbasis.

## MÅLSETJING:

***Kvinnherad vil leggja vekt på ei god og rasjonell tenesteyting til alle innbyggjarane i kommunen.***

### Moglege strategiar:

- Prioritera førstelinjetenesta i alle ledd, men med særleg vekt på dei mest omsorgstrengjande.
- Samordna og optimalisera bruk av ressursane innanfor faglege og etisk forsvarlege rammer.
- Oppnå rasjonalisering ved å ta i bruk ny teknologi.
- Stimulera til betre samhandling mellom tenesteyting og publikum.
- Syta for fagleg kompetanseutvikling.

## 2.14 Føresetnader for arealforvaltninga

### 2.14.1 Ei balansert utvikling

I følgje nasjonale handlingsprogram skal lokal planlegging og forvaltning av areala i auka grad ta omsyn til grunnlaget for biologisk produksjon og til biologisk mangfald. Ei berekraftig utvikling er definert som ei utvikling som stettar dei materielle behova til generasjonar som lever i dag, utan å svekka eit tilsvarande levegrunnlag for komande generasjonar.

Agenda 21 er ei internasjonal forpliktande oppfølgjing etter verdenskommisjonen for miljø og utvikling sin konferanse i Rio de Janeiro i 1992. Dei nasjonale handlingsprogramma er i hovudsak nedfelt i St.m nr. 29 og nr. 58 Desse gjev klare føringar til areal og ressursbruk også i Kvinnherad - men høve til differensiert arealforvaltning.

### 2.14.2 Konkurranse om arealet

Kvinnherad har eit stort ressursgrunnlag som vert godt utnytta i både primærnæringane, industri og i turisme-samanheng. P.g.a. topografien vert arealpresset størst på ei smal stripe langs sjøen. Her er det som kjent eit generelt forbod mot bygging og frådeling i 100-metersbeltet, noko som vert vanskeleg å handheva, fordi mykje av det arealet som kan byggast på i ligg i dette beltet. Det er difor viktig å planleggja langsiktig ( t.d. setja krav om reguleringsplan og fastsetja lokaliserings- og rekkjefølgeføresegner) og laga retningsliner eller forskrifter for å sikra ei god og berekraftig forvalting av strandsona, der natur- og rekreasjonsverdiar vert sikra for framtidige generasjonar.

Kulturminnene er heller ikkje fornybare, og dei er økonomisk, kunnskapsmessig, kulturhistorisk og miljømessig verdifulle. Dei gjev viktig kunnskap om tilhøve mellom

menneske og natur opp gjennom tidene, og gjev tidsmessig orientering innanfor ei historisk utvikling. Dei gjev identitet og kulturell forankring til generasjonane.

Kvinnherad har store fjellområder og god tilgang til friluftsområde i desse områda. Store område vil sannsynlegvis verta foreslått verna, mellom anna gjennom Folgefonna nasjonalpark. Eit anna særmerkt og verdifullt trekk i Kvinnheradslandskapet er liene med edellauvskog.

Vestlandsgarden med kulturlandskapet i kring er og viktige merke i landskapet, særleg som identitetsskapar. Kvinnherad er rik på kulturminne, nokre av dei er av nasjonal verdi. Baroniet er her i særklasse.

Kvinnherad har likevel råd til, innanfor ramma av ei god og økonomisk arealforvaltning, å tilby innbyggjarane gode buområde. Det er mogeleg med ein arealbruk i Kvinnherad som skil seg frå pressområda rundt dei store byane i Noreg. Det er naudsynt å nyansera synet på kva som er ei god arealforvaltning landet sett under eitt. Den største arealtrusselen vi finn i dag skuldast sentraliseringspolitikken som statlege mynde legg opp til. Kvinnherad kan vera med og letta på presset på dei store byane ved å tilby attraktive tomter i eit vakkert landskap. Dette er kvalitetar som gjev preferanse til Kvinnherad.

### **2.14.3 Verneplanar og registreringar**

Som ei oppfølgjing av St.meld om nye nasjonalparkar i Norge, arbeider fylkesmannen i Hordaland med planlegging av Folgefonna nasjonalpark. Området som er med i konsekvensutgreiinga omfattar fem kommunar, der mesteparten ligg i Kvinnherad. I tillegg til ein nasjonalpark, kan det vera aktuelt med eitt eller fleire landskapsvernombre.

Baroniet Rosendal er med i "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap" og er her klassifisert som eit større heilskapleg kulturlandskapsområde. Det same er Djuvslandslia på Varaldsøy.

Tre område er verna som naturreservat i Kvinnherad; Holmedalsberget, Haukanes og Tveitane.

Universitetet i Bergen har utarbeidd ein rapport om kvartærgeologiske førekomstar. I Kvinnherad er det registrert to område av særleg verdi, breelvavsetningar og terrassar i Guddalsdalen og breelvavsetningar og morenar på Bondhus.

Hattebergsvassdraget, Ænesvassdraget og Furebergsvassdraget er verna mot kraftutbygging i VerneplanIV for vassdrag. For Hattebergsvassdraget sin del er det opna for opprusting av Muradalen kraftverk. Det er vedteke rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, som legg premissar for annan planlegging og verksemnd i desse vassdraga.

Sju øyar og holmar er verna som sjøfuglreservat etter naturvernlova: Rundholmen (Opsangervatnet), Fjæraskjer, Raudholmane, Hillekalven og Pasholmen, Terneskjær, Trollskjær og Prestnesholmen. I Ølve er det freda eit myrreservat, Eggja.

Vidare er eit område verna som Geitaknottane naturreservat, til sikring av leveområde for stor salamander og kongsbregne.

I tillegg til desse områda som er freda etter naturvernlova, er ei rekke kulturminne freda etter kulturminnelova. Vidare har Riksantikvaren varsle freding av eit område i tilknyting til Baroniet Rosendal.

Under det vidare arbeidet med kommunedelplanområda må spørsmål om evt. vern / freding av nye område takast opp.

#### **2.14.4 Sentrumsutvikling - grender**

For Husnes og Rosendal er det utarbeidd eigne stadaralyasar der framtidig utvikling av tettstadene er vurdert. I samband med utarbeiding av kommunedelplan for desse områda, må arealbruk og senterutvikling både innan planperioden og på lengre sikt drøftast.

I planarbeidet må det takast omsyn til landskapstrekk og romdannande landskapselement. Det må og takast omsyn til funksjonskrav som tilkomst, møteplassar, parkering, trivselsfaktorar, rammer for bygningsmessig utfoming og estetikk. Sentrumsområda bør dimensjonerast og utformast som «bygdebyen» der det karakterdannande særpreget blir teke vare på. Dette vil innebera ulike mål for dei to sentra.

Dei andre bygdesentera skal også vurderast i samband med det pågående kommunedelplanarbeidet.

#### **2.14.5 Område avsett til fritidshus**

Det skal i kommunedelplanane gjevast høve til oppføring av fritidshus eller frådeling til slike føremål utanfor sentrale strok. Det vil seie i soner i LNF-områda. Ein vil unngå dispensasjon ved å angi omfang og lokalisering i medhald av Pbl § 20-4.c.

Likeeins vil ein sjå positivt på omdisponering av grunn til utleigehytter som del av gardane sitt driftsgrunnlag.

#### **2.14.6 Næringsområde - område for offentleg verksemد**

Kommunen stiller seg positiv til å vurdera nye næringsareal og ønskjer innspel om dette i arbeidet med kommunedelplanane. For å optimalisera dei grunnlagsinvesteringane som alt er gjennomførde, er det gunstig å lokalisera ny utbygging i tilknyting til eksisterande næringsområde. For å unngå konflikter mellom næringsverksemder og busetnad, er det viktig å syta for buffersoner mellom desse. Ved etablering av næringsverksemde utanfor tilrettelagde næringsområde, bør det alltid krevjast reguleringsplan.

Område for offentleg verksemde vert lagt ut etter behov først og fremst for å dekkja kommunen sine eigne behov i planperioden, men og utifrå strategiske føresetnader.

#### **2.14.7 Sjøområda**

Kvinnherad kommune ser på eigne sjøområde som eit ressurspotensiale for fiskeoppdrett og skjeldyrking. Slik utnytting må likevel balanserast opp mot anna aegalbruk, slik at ein unngår konflikter mot ferdsle- og utfartsområde for småbåtar og mot natur og frilutsområda i sjø og på land.

Det vidare planarbeidet er elles basert på ein god dialog med andre interessegrupper og sektormynde slik at ein skal unngå konflikter i høve til fiskeriinteressene og miljøverninteressene. Sjøområdet i Kvinnherad er ikkje prega av eit høgt konfliktnivå.

Det vart utarbeidd ein kystsoneanalyse for heile kommunen i 1991. Denne vart berre gjort retningsgjevande, sjølv om planen var lagt ut til offentleg høyring og elles underlagt ei fullgod handsaming etter Pbl. § 20.4. Særleg med bakgrunn i at planen berre omfatta oppdrett av matfisk og ikkje skjeldyrking, er det behov for ein revisjon.

Dei areala som vert vurderte som aktuelle område for akvakultur i kystsoneanalysen, tek ein sikte på å føra vidare i kommuneplanen.

Når det gjeld andre tradisjonelle plantema, som kaste- og låssetjingsområde og oppvekstområde for fisk vil ein følgja dei retningslinene som er nedfelt i framlegg til kystsoneplan for Hordaland.

### MÅLSETJING:

*I Kvinnherad legg ein opp til ei arealutvikling der utnytting av naturressursane skal balanserast opp mot ivaretaking av på dei ikkje fornybare ressursane, dei historiske verdiane og det biologiske mangfaldet.*

### Moglege strategiar:

- Kommunen legg vekt på at ein til ei kvar tid har oppdaterte arealbruksplanar (kommunedelplanar)
- Kommunen vil vera med på å utvikla kompetanse til å ta i bruk og utnytta naturressursane. Særleg gjeld dette sjøområda der det skal utarbeidast ein eigen havbrukanalyse.
- Kommunen skal saman med andre (vernemyndigheter og næringsaktørar) utvikla kart og datautstyr for framstilling av arealdata på digitale kart (AREALIS)
- Kommunen skal utarbeida Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som grunnlag for eit tryggare og meir robust lokalsamfunn.